



Vestland  
fylkeskommune



Bergen og Omland  
Friluftsråd

# Samarbeidsavtale om plan for friluftslivets ferdselsårer 2020 - 2023

## 1. Bakgrunn

Plan for friluftslivets ferdselsårer er eit tiltak i handlingsplanen til stortingsmelding nr. 18 (2015 – 2016) *friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet*. Prosjektet går ut på at kommunane skal auke kunnskap om eksisterande og potensielle nye ferdselsårer, samt utvikle nye og gamle ferdselsårer på ein bærekraftig måte for å skape meir aktivitet.

I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt i perioden 2019-2023 for å identifisere, ivareta, utvikle og tilrettelegge friluftslivets ferdselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Målet for prosjektet er å få fleire ut på tur, at befolkninga utøver friluftsliv jamleg, auke tilgjengelegheita for å utøve friluftsliv og å få flest mogleg av kommunane til å utarbeide planar for friluftslivets ferdselsårer for å systematisere dette arbeidet.

I tillegg er det aktuelt å bistå kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane med å ferdigstille kartlegging og verdsetting av friluftsområder i 2020. Arbeidet skal utførast i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292.

## 2. Avtalepartnerar

Avtalen gjeld mellom Vestland fylkeskommune og Bergen og Omland Friluftsråd.

## 3. Samarbeidet

Føremålet med samarbeidet er å:

- Utvikle plan for friluftslivets ferdselsårer i alle kommunar i Vestland fylke.
- Styrke arbeidet med å identifisere, utvikle og ivareta ferdselsårer i kommunane.
- Styrke kunnskapen om ferdselsårene og bidra til auka kompetanse i å forvalte ferdselsårene i Vestland fylke, gjennom eit interkommunalt samarbeid.
- Bistå med digitaliseringsarbeidet i kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane, for å slutføre arbeidet i heile Vestland.

## 4. Vestland fylkeskommune sitt ansvar:

- Prosjektleiing og koordinering regionalt.
- Rekruttere og motivere kommunar til igangsetting, følge opp enkeltkommunar med rettleiing.
- Bidra med økonomiske ressursar til administrasjon, opplæring og rettleiing, innkjøp av felles digitale karttenester og verktøy.
- Legge til rette for erfaringsutveksling, og opprette ei regional rådgjevande gruppe for å sikre tverrfagleg arbeid i prosjektet (m.a. gjennom å involvere dei regionale friluftorganisasjonane i arbeidet).
- Følge opp arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer overfor Miljødirektoratet.

## 5. Bergen og Omland Friluftsråd sitt ansvar:

- Motivere sine medlemskommunar til å utarbeide plan for friluftslivets ferdselsårer.
- Bistå alle kommunar i Vestland fylkeskommune som ønskjer det, med hjelp til å utarbeide plan for friluftslivets ferdselsårer.

BOF vil delta på oppstarts- og arbeidsmøter og gje grundig opplæring i metodikk for den enkelte kommune. Ved behov kan møter utførast ved hjelp av videokonferanse, og anna korrespondanse. BOF tek seg av informasjons- og oppstartsmøte, digitalisering, kvalitetskontroll, slutføring og rapport.

- Gje innspel til korleis arbeidsgruppa i kvar kommune er samansett og at arbeidet er i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292, plan for friluftslivets ferdselsårer.
- Delta på regionalt fagnettverk inntil to gonger per år, og bidra med faglege innlegg på regionale konferansar.
- Bergen og Omland Friluftsråd sender rapport til Vestland fylkeskommune årleg innan 1. mars om status om framdrift i kor langt kommunane har kome med arbeidet i høve til:
  - Informasjonsmøter, kommunalt vedtak om oppstart, etablering av arbeidsgrupper.
  - Gjennomføring: oppstartsmøter, kartlegging av no-status, analysere, vurdere tiltak og digitalisering. Stiar som vert registret, men som ikkje ligg i den nasjonale databasen for tur- og friluftsruter skal leveras til kartverket via rettikartet.no.
  - Slutføring: kvalitetssikring, ferdigstilling, kommunalt sluttvedtak om bruk og ajourhold.
  - Økonomi: oversikt over utgifter og finansiering.
  - Sluttrapport skal sendast Vestland fylkeskommune når prosjektet er ferdigstilt.

#### **6. Økonomi:**

Bergen og Omland Friluftsråd får kr 750.000 frå Vestland fylkeskommune for å bistå kommunane i høve til å utvikle plan for friluftslivets ferdselsårer 2020-2021. Beløpet vert justert om dei reelle utgiftene til BOF vert høgare. I tillegg skal dei kommunane som mottok fagleg hjelp bidra økonomisk. I tillegg kan det vere aktuelt å hjelpe kommunar med å ferdigstille kartlegging og verdisetting av friluftsområder i 2020.

#### **7. Avtalens varigheit:**

Avtalen trer i kraft frå dags dato og gjeld til 31. desember 2023.  
Avtalen er underteikna i to eksemplar kor avtalepartane held på kvar sitt.

22.11. 2019/ Bergen

22.11.2019/ Bergen

.....  
Dato/stad

.....  
Dato/ stad

.....  
Dag Seter  
Administrativ leiar  
Bergen og Omland Friluftsråd

.....  
Per Morten Ekerhovd  
Direktør for kultur, idrett og inkludering  
Vestland fylkeskommune